

Uttale til planprogram for kommunedelplan for oppvekst 2016-2019

Utdanningsforbundet Lindås har følgjande merknadar og kommentarar til planprogrammet:

Hovudpunkt 1 – Bakgrunn for planarbeidet:

I planprogrammet nyttast både omgrepa «tidleg innsats» og her i pkt. 1 «tidleg intervension». Desse omgrepa bør ikkje nemnast om kvarandre, i alle fall ikkje utan ei forklaring (definisjon) på kva omgrepa tyder.

Hovudpunkt 4 – Mål:

Underpunkt 3 og 4: Ordet «aktør» bør erstattast med «tilsette og mottakarar av tenestetilbod». Det harmonerer betre med formuleringa i underpkt.5.

Underpunkt 3: Oversikt over kommunen sine prioriteringar og tiltak skal vere lett tilgjengeleg for tilsette og mottakarar av tenester.

Underpunkt 6: Vi ønskjer at setninga skal vere «Lindås kommune har gjennom medverknad både frå tilsette, *tilsette sine organisasjonar* og mottakarar av tenestetilbodet, lagt.....».

Hovudpunkt 6 – Planprosess og medverknad:

- Deltakarar i prosjektgruppa bør både samla og kvar for seg ha god kjennskap til oppvekstsektoren. Utdanningsforbundet Lindås har vanskeleg for å sjå at ein elevrådsrepresentant vil kunne ha slik kjennskap.
- Representantar for dei tilsette i referansegruppa må fordelast mellom dei ulike yrkesgruppene innanfor fagfelta. Utpeiking av representantar bør gjerast av, eller i samråd med, arbeidstakarorganisasjonane. Det blir ikkje rett om leiarar einsidig peikar ut kven som skal representere dei tilsette.
- Underpunkt 2 bør ha med eit kulepunkt om prosess i avdelingane i sektoren. Det er naturleg at aktuelle problemstillingar knytt til dette prosjektet blir tatt opp i personalmøte, drøftingsmøte og møte i trepartsgruppene. Dette er fora som ikkje kjem inn under «rådsorgana i barnehage og skule».

Når det gjeld medverknad frå dei tilsette sine organisasjonar, meiner Utdanningsforbundet Lindås at denne har vore mangelfull i forkant av dette kvalitetsprosjektet. Kommunen har i over eit halvt år hatt gåande eit anna prosjekt, BTI – Betre Tverfagleg Innsats, som skal vere ein viktig premissleverandør inn mot kvalitetsprosjektet. BTI-prosjektet er ikkje gjort kjent for dei tilsette sine organisasjonar, og organisasjonane er utelatt frå medverknad. Utdanningsforbundet krev at arbeidstakarorganisasjonane blir informert om, og får innpass i BTI-prosjektet snarast.

Utdanningsforbundet Lindås

Laila Rydland, leiar

Adresse	E-post/Internett	Telefon	Telefaks	Org.nr.
Krokjen 163 5912 Seim	post@Lindas.utdanningsforbundet.no	908 90 732 56 34 10 28		Bankkonto: 3632.51.01592